

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/16	Formannskapet	PS	17.03.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FA - Q22	16/205

Utbyggingsavtale fortau og busslomme - Leirvågskrysset

Vedlegg:

Leirvåg industriområde

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vil dekke kr. 2.070.000 av utbyggingskostnader for dette anlegget. Kostnaden for anlegget er kr . 5.899.500,-.

Utbetaling av anleggsbidrag vert ikkje utbetalt før underskriven utbyggingsavtale føreligg. Det er i forslaget til budsjett Note 10 satt av kr 900.000,- til trafikksikring , prosjektnr.099. 033514, kr. 670.000, prosjektnr. 099.033527 og kr 500.000 prosjektnr. 099.32306 samla sum kr. 2.070.000,-

Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.

Formannskapet - 031/16 - 17.03.2016

FS - behandling:

Det var synfaring i saka der fylgjande deltok:

Frå Austrheim formannskap: Per Lerøy, Anne Dahle Austrheim, Siri Kaland, Jan Erik Espelid , Jorund Stellberg og Reidar Øksnes

Frå administrasjonen: Asbjørn Toft og Jan Olav Osen

Frå part: Odd Haugen

Framlegg frå Jorund Stellberg(H):

Rådmannen vert bedt om å utarbeide regelverk for korleis anleggsbidrag skal nyttast i Austrheim kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg frå Jorund Stellberg vart samrøystes vedteke.

FS vedtak:

Austrheim kommunestyre vil dekke kr. 2.070.000 av utbyggingskostnader for dette anlegget. Kostnaden for anlegget er kr . 5.899.500,-.

Utbetaling av anleggsbidrag vert ikkje utbetalt før underskriven utbyggingsavtale føreligg. Anleggsbidraget vert finansiert ved avsatt kr 900.000,- til trafikksikring i 2015 , avsatt kr. 670.000 til gangvegar i 2015 og kr 500.000 til asfaltering i budsjett 2016, samla sum kr. 2.070.000,-

Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.

Rådmannen vert bedt om å utarbeide regelverk for korleis anleggsbidrag skal nyttast i Austrheim kommune.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Odd Haugen søker om anleggsbidrag ihht. gjeldene regler for arbeidet med busslommer med fortau langs RV 57 og fylkesveg 565 i samsvar med reguleringsplanen for Leirvåg industriområde. Her er det eit rekkefølgekrav frå Statens vegvesen for utbygging av industribygg i feltet at ny busslomme med fortau skal byggast. Busslomma og fortau vil inngå i framtidig gangvegprosjekte.

Rådmannen si haldning i denne saka er at eventuelle tilskot som skal knytast til kostnaden med offentleg infrastruktur, må fastsettast gjennom utbyggingsavtale. Det er viktig at avtalen er utarbeid slik at fordelingsprinsipp og kostnader er kjende og kan takast stilling til, før utbygging vert sett i gang. Kommunen kan dekke ein del av kostnadene på ytre anlegg. I avtale om tilsvarande utbygging har kommunen dekkja 60% av kostnadene med ytre anlegg.

Dette er såleis det grunnlaget Austrheim kommune har lagt til grunn for i handsaming av søknader om anleggsbidrag.

Det bør vera ei målsetjing at søknader blir handsama likt for alle utbyggerar.

Vurdering

Reglar for refusjon av mva tilseier at dersom ein har avtale med kommunen om overtaking av infrastruktur og arbeidet med det, kan kommunen få tilbake mva på dette arbeidet. Kommunen kan så avgjera om kommunen skal halda på mva sjølv eller tilbakebetala til utbygger. Her er utbygger MVA registrert og kan sjølv søkja om mva refusjon.

I tillegg kan kommunen avgjera om dette tiltaket skal bli omfatta av ein utbyggingsavtale. Kommunen kan og avklara om dette arbeidet skal kunna gjevast anleggsbidrag for.

Vurdering av dei ulike prosjekta og summene i søknaden.

1. Busslomme og fortau.

Ein tolkar busslomme og fortau inn under avtalen .

Kostnad kr 5 899 500 eks mva.

Miljø

Utbygginga og traceval vert utført på ein skånsam måte.

Økonomi

Det er I forslaget til budsjett Note 10 satt av til trafikksikring kr 900.000,-, prosjektnr.099. 033514, kr. 670.000, prosjektnr. 099.033527 og kr 500.000 prosjektnr. 099.32306 samla sum kr. 2.000.070,-

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vil dekke kr 2.070.000 for dette anlegget. Kostnaden for anlegget er kr . 5.899.500,-

I forslaget til budsjett Note 10 er det satt av til trafikksikring kr 900.000,-, prosjektnr.099. 033514, kr. 670.000, prosjektnr. 099.033527 og kr 500.000 prosjektnr. 099.32306 samla sum kr. 2.070.000,-

Utbetaling av anleggsbidrag vert ikkje utbetalt før underskriven utbyggingsavtale føreligg.

Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.